

## Søknad om utslepp av sanitært og kommunalt avløpsvatn frå hus og hytter

Søknaden skal nyttast for etablering av nye utslepp og vesentleg auke av eksisterande utslepp av sanitært avløpsvatn jf. forskrift om begrensning av forurensning av 1.6.2004 (forurensningsforskrifta) kapittel 12. Søknadsskjemaet gjeld for utslepp frå bustader, hytter, turistbedrifter og liknande verksemd med utslepp mindre enn 50 personekvivalentar (pe). Søknadsskjemaet gjeld og for utslepp av sanitært avløpsvatn mindre enn 50 pe i tettstader som er større enn 2000 pe i innlandet og 10 000 pe ved kysten. Skjemaet gjeld ikkje for påkopling til offentleg avlaupsnett.

### Informasjon:

Utslepp av sanitært avløpsvatn er søknadspliktig jf. forurensningsforskrifta kapittel 12. Søknad med alle naudsynte opplysningar og vedlegg sendast til og handsamast av kommunen der det vert søkt om utslepp. Søknad i samsvar med standardkrava i kapittel 12 vert handsama innan seks veker. Søknad om unntak frå standardkrava i kapittel 12 vert handsama utan ugrunna opphald, men handsaminga vil då kunne ta meir enn seks veker. Ufullstendig søknad vil ikkje kunne bli handsama.

For prosjektering og utføring av avløpsanlegget gjelder føresegnene i plan- og bygningslovens § 20-1 og 2 vedrørende søknad om løyve til tiltak, godkjenning av føretak og ansvarsrett. Bygging av anlegget kan først starte når det føreligg ein igangsettingsløyve frå kommunen.

### 1. Ansvarleg (søkar)\*:

Namn:	Telefon (dagtid):
Adresse:	Postnr, poststad:
E-post:	<input type="checkbox"/> Enkeltperson <input type="checkbox"/> Selskap/lag /sameige. Oppgi organisasjonsnr:

\* Dersom ansvarleg søkar ikkje er den same som ansvarleg eigar (ansvarleg eigar tilsvarende tiltakshavar i plan- og byggesaker) skal dette oppgjevast under punkt 7. Eventuelle merknadar.

### 2. Søknaden gjeld:

<input type="checkbox"/> Nytt utslepp. <input type="checkbox"/> Vesentleg auke av utslepp <input type="checkbox"/> Rehabilitering av eksisterande utslepp	<input type="checkbox"/> Heilårsbustad, tal: <input type="checkbox"/> Fritidsbustad, tal: <input type="checkbox"/> Anna bygning, tal: Spesifiser:	Skal det installerast vassklosett? <input type="checkbox"/> ja <input type="checkbox"/> nei
---	--	--

### 3. Eigedom /byggjestad:

Gnr:	Bnr:	Adresse:
Planstatus:	Samsvar med endelege planar etter plan og bygningslova: <input type="checkbox"/> ja <input type="checkbox"/> nei	
	Dersom nei, ligg det føre samtykke frå kommunens planmynde: <input type="checkbox"/> ja, dato:	

#### 4. Utsleppsstad

Type: <input type="checkbox"/> Innsjø <input type="checkbox"/> Bekk/Elv <input type="checkbox"/> Elvemunning <input type="checkbox"/> Sjø <input type="checkbox"/> Stadeigne lausmassar <input type="checkbox"/> Anna:
Namn på lokalitet:
Koordinatar på utsleppsstad: Oppgi kartdata (WGS 84, ESO 50, NGO 48, anna):
Dersom utslepp til vatn: Utslippsdjup minst 2 m under lavast vasstand: <input type="checkbox"/> ja. Spesifiser utsleppsdjupn: ____m Utsleppsanordning:
Utsleppets storleik (før reinsing) i tal personekvivalentar: _____ pe

#### 5. Reinsegrad:

<input type="checkbox"/> <b>Utsleppsstad i følsamt/normalt område (reinsegrad jf. §12-8):</b>  Reinsekrav for sanitært avløpsvatn, utsleppsstad med brukarinteresser: a) <input type="checkbox"/> 90 % reduksjon av fosfor, 90 % reduksjon av BOF <sub>5</sub>  Reinsekrav for sanitært avløpsvatn, utsleppsstad med fare for eutrofiering/overgjødsling: b) <input type="checkbox"/> 90 % reduksjon av fosfor og 70 % reduksjon av BOF <sub>5</sub>  Reinsekrav for sanitært avløpsvatn, utsleppsstad utan fare for eutrofiering/overgjødsling: c) <input type="checkbox"/> 60 % reduksjon av fosfor og 70 % reduksjon av BOF <sub>5</sub>  Kun utslepp av gråvatn, alle utsleppsstadar: <input type="checkbox"/> stadeigne lausmassar eller tilsvarande, spesifiser: _____
<input type="checkbox"/> <b>Utsleppsstad i mindre følsamt område (reinsegrad jf. §12-9):</b>  Reinsekrav for sanitært avløpsvatn, utslepp til sjø:  Anten: a) <input type="checkbox"/> 20 % reduksjon av suspendert stoff eller b) <input type="checkbox"/> 180 mg suspendert stoff/liter i restkonsentrasjon  Kun utslepp av gråvatn, utslepp til sjø: <input type="checkbox"/> ureinsa
<input type="checkbox"/> <b>Det søkes unntak frå §§12-8 til 12-9, spesifiser i vedlegg nr B (sjå punkt 6)</b>

<p><b>Type reinseanlegg:</b></p> <p><input type="checkbox"/> Ureinsa, direkte utslepp</p> <p><input type="checkbox"/> Slamavskiljar</p> <p><input type="checkbox"/> Infiltrasjonsanlegg</p> <p><input type="checkbox"/> Sandfilteranlegg</p> <p><input type="checkbox"/> Biologiske reinseanlegg</p> <p><input type="checkbox"/> Kjemisk reinseanlegg</p> <p><input type="checkbox"/> Kjemisk/biologisk reinseanlegg</p> <p><input type="checkbox"/> Tett tank (for alt avlaupsvatn)</p> <p><input type="checkbox"/> Tett tank for svartvatn</p> <p><input type="checkbox"/> Biologisk toalett</p> <p><input type="checkbox"/> Konstruert våtmark</p> <p><input type="checkbox"/> Tett tank for svartvatn, gråvatnfilter</p> <p><input type="checkbox"/> Biologisk toalett, gråvatnfilter</p> <p><input type="checkbox"/> Annen løysning, spesifiser:</p>	<p><b>Tillegg for minirenseanlegg:</b></p> <p>CE-merke (EN12566-3): <input type="checkbox"/> ja <input type="checkbox"/> nei</p>
<p>Anleggets dimensjonerte storleik i tal personekvivalentar: <span style="float: right;">pe</span></p>	

## 6. Vedlegg til søknaden:

<p>A. Namn og adresse på nøytral fagkyndig (person/firma/leverandør) som har medverka med val og utforming av reinseanlegg og/eller dokumentasjon av reinsegrad. Dersom relevant, oppgi om kven som vil medverke med installasjon av reinseanlegg.</p> <p>1. Val av reinseanlegg:</p> <p>2. Utforming av reinseanlegg:</p> <p>3. Dokumentasjon av reinsegrad:</p> <p>4. Installasjon av reinseanlegg:</p>	<p><input type="checkbox"/> ja</p> <p><input type="checkbox"/></p> <p><input type="checkbox"/></p> <p><input type="checkbox"/></p>
<p>B. Grunngeving for ynskje om unntak frå §§ 12-7 til 12-13 eller relevant dokumentasjon</p>	<p><input type="checkbox"/> ja</p> <p><input type="checkbox"/> ikkje relevant</p>
<p>C. Dokumentasjon av reinsegrad jf. § 12-10 og skildring av anlegg</p>	<p><input type="checkbox"/> ja</p>
<p>D. Plassering av avløpsanlegg, utsleppsstad, eigedomsgrensar og vegtilkomst på kart i målestokk 1:2000 eller større</p>	<p><input type="checkbox"/> ja</p>
<p>E. Liste over eigedomar tilknytt avløpsanlegget med gnr., bnr. og adresse</p>	<p><input type="checkbox"/> ja</p> <p><input type="checkbox"/> ikkje relevant</p>
<p>F. Oversikt over interesser som blir råka (drikkevassforsyning, næringsverksemd, rekreasjon etc). Skildring av tiltak for å motverke interessekonfliktar og tiltak for å ivareta helse og miljø</p>	<p><input type="checkbox"/> ja</p>
<p>G. Oversikt over kven som er varsla om planlagt utslepp, samt kvitteringar som syner at varsel er sendt.</p>	<p><input type="checkbox"/> ja</p> <p><input type="checkbox"/> ikkje relevant</p>
<p>H. Uttalar motteke i varslingsrunda</p>	<p><input type="checkbox"/> ja</p> <p><input type="checkbox"/> ikkje relevant</p>

Gnr. \_\_\_\_, bnr. \_\_\_\_ i Eid kommune

**7. Eventuelle merknader (ikkje obligatorisk):**

--

**8. Underskrift og erklæring:**

Eg pliktar meg til å følgje føresegnene i forurensningsforskrifta og enkeltvedtak etter forurensningsforskrifta, herunder krav til avløpsnett jf. § 12-7, utslepp jf §§ 12-8 eller 12-9, dokumentasjon av reinsegrad jf. § 12-10, utsleppstad jf § 12-11, lukt jf § 12-12 og utforming og drift av reinseanlegg jf 12-13. Som ansvarleg eigar er eg ansvarleg for forskriftsmessig drift og vedlikehald, samt oppbevaring av informasjon om anlegget, drift og lekkasjar.

Dato:	Underskrift ansvarleg eigar:	Gjenta med blokkbokstavar:

**9. Kommunens merknader:**

--

## Søknad om utsleppsløyve frå hus og hytter - rettleiing

### ***Kven har søknadsplikt?***

Når du skal etablere eit utslepp av sanitært avløpsvatn eller vil auke eksisterande utslepp vesentleg, må du søke kommunen om utsleppsløyve. Dersom utsleppet er frå bustadhus, hytter, turistbedrifter og liknande verksemd, og det totale utsleppet er mindre enn 50 personekvivalentar (pe), fyller du ut søknadsskjemaet "Søknad om utslepp av sanitært avløpsvatn frå hus og hytter". Dette skjemaet får du hjå Eid kommune servicetorget tlf 57 88 58 00, eller du kan laste det ned frå [www.eid.kommune.no](http://www.eid.kommune.no). Skjemaet gjeld både separate utslepp av sanitært avløpsvatn og utslepp frå små hussamlingar som samarbeider om ei felles avløpsløyving. Søknadsplikta gjeld og når avløp går til tett tank. Skjemaet gjeld ikkje for påkopling til offentleg avløpsnett. Dersom utsleppet kan påkoplast kommunalt nett gjeld andre krav enn det som vert omtala her.

Det er ditt ansvar som ansvarleg eigar (tiltakshavar) å fylle ut ein nøyaktig og fullstendig søknad med alle opplysningar kommunen treng for å kunne handsame søknaden. Handsaminga av søknaden startar når eit fullstendig utfylt søknadsskjema med alle naudsynte vedlegg ligg føre. Kommunen handsamar søknaden innan seks veker frå fullstendig skjema med vedlegg er mottatt. Manglar opplysningar eller dokumentasjon, vil dette kunne forsinke saksbehandlinga. Dersom du har søkt om unntak, gjelder ikkje den absolutte saksbehandlingsfristen på seks veker.

### ***Kva må du gjere i god tid før du søker?***

Les først denne rettleiinga. Det aller meste av informasjon som du treng vil du få ved å lese denne nøye. Du kan og kontakte kommunen for å få vite kva krav og eventuelle lokale tilpasningar som kan gjelde der du vil sleppe ut avløpsvatn. Finn ut kva som vert kravd av informasjon og dokumentasjon i ein søknad om utsleppsløyve. Kommunen har plikt til å gi rettleiing om korleis du skal søkje om utsleppsløyve og kva vilkår og krav som gjeld. Du må og sjekke med kommunen om det planlagde avløpsanlegget er i samsvar med kommunens planer etter plan og bygningslova (sjå og punkt 3. Eigedom/byggjestad).

På [www.sft.no](http://www.sft.no) og [www.avlop.no](http://www.avlop.no) kan du og finne informasjon om avløpsregelverket og nærare opplysningar.

Innhent naudsynt informasjon og dokumentasjon. Det er du som søker som skal innhente all naudsynt informasjon og syne at det planlagde utsleppet er i samsvar med krava. Det kan ta tid å samle alt, så det er lurt å starte tidleg i prosessen.

Du må varsle naboar og andre særskild råka. Med andre særskild råka meiner ein til dømes drikkevassinteresser og næringsverksemd. Når du sender varsel til naboar og råka partar, skal du samstundes sende kopi av varsel til kommunen. Dersom du er i tvil om kven som skal varslast, kan du be om ei liste over desse frå kommunen. Varsel skal sendast ut med svarfrist på minst fire veker frå varselet er sendt og skal innehalde dato for uttalefrist. Du må sørge for å få kvittering for at varsel er sendt (til dømes kvittering på rekommandert brev eller underskrift). Oversikt over kven som er varsla og kvitteringar skal leggst ved søknaden (vedlegg G) saman med eventuelle uttalar du har motteke (vedlegg H). Søknaden kan ikkje sendes til kommunen før svarfristen på fire veker har gått ut.

### ***Kva må sendast inn til kommunen og korleis vert søknaden handsama?***

Søknadsskjema der alle punkt er fylt ut sendast kommunen saman med alle naudsynte vedlegg (sjå punkt 6, vedlegg til søknaden). Ein fullstendig søknad skal handsamast av kommunen innan seks veker. Husk at dersom søknaden manglar opplysningar eller dokumentasjon, eller du har søkt om unntak frå reinsekrav, vil handsaminga av søknaden din kunne ta lengre tid. Kommunen vil gi beskjed dersom informasjon manglar.

For 2018 er sakshandsamingsgebyret for utslepp:

- Mindre enn 15 PE eller melding: kr. 2 996,-
- Mellom 16 til 100 PE: kr. 4 608,-
- Mellom 101 til 500 PE kr. 10 372,-
- Mellom 501 til 1000 PE kr. 10 379,-
- Ending i utsleppsløyve: kr. 1 613,-

<i>Eg har sendt søknad om utsleppsløyve til kommunen:</i>	<i>Når kan eg vente svar?</i>
<i>Eg har sendt inn ein fullstendig søknad som er i samsvar med standardkrav og eventuelle tilleggskrav frå kommunen</i>	<i>Søknaden skal handsamast av kommunen innan seks veker. Dersom kommunen ikkje har svart på søknaden innan seks veker, kan løyve reknast som gjeve.</i>
<i>Eg har sendt inn ein fullstendig søknad med krav om unntak frå reinsekrava</i>	<i>Kommunens sakshandsamingsfrist på seks veker gjeld ikkje. Sakshandsaminga kan ta lengre tid, men søknaden skal handsamast utan ugrunna opphald.</i>
<i>Eg har sendt inn ein fullstendig søknad med kopi av protestar som kom inn i varslingsrunden.</i>	<i>Kommunens sakshandsamingsfrist på seks veker gjeld ikkje. Sakshandsaming kan ta lengre tid, men søknaden skal handsamast utan ugrunna opphald.</i>
<i>Eg har sendt inn søknad med utilstrekkeleg informasjon eller eg har ufullstendig søknad (ikkje alle punkta i søknadsskjema er fylt ut eller det manglar vedlegg).</i>	<i>Søknaden vil ikkje kunne bli handsama. Kommunen vil kontakte seg innan 6 veker og opplyse deg om manglane i søknaden.</i>

## ***Kvar kan du klage på vedtaket?***

Eventuell klaga må sendast kommunen innan tre veker etter at vedtak er gjeve.

## ***Kva krevst av deg når anlegget er i drift?***

Anleggets eigar pliktar å dimensjonere, drive og vedlikehalde anlegget slik at lekkasjar kan førebyggast og sjenerande lukt unngåast, jf. vilkår i utsleppsløyve. Eventuelle naboklagar skal takast vare på i fem år. Kommunen er tilsynsmynde og fører tilsyn med at krav vert overhaldne. Du må difor ta vare på informasjon om anlegget, drift og lekkasjar slik at kommunen kan få innsyn i dette. Kommunen kan krevje gebyr for tilsyn.

## ***Utfylling av søknadsskjema***

### **1. Ansvarleg (søkar)**

Her skal du gi alle opplysningar som er naudsynte for at kommunen skal kunne kontakte deg eller sameiget/organisasjonen som søker om utsleppsløyve. Ansvarleg søkar er normalt den som eig og driv anlegget (ansvarleg eigar/tiltakshavar) og som er ansvarleg for utsleppet, herunder anlegget si drift og vedlikehald. Det er den som er ansvarleg som eventuelt vil verte ilagt tvangsmulkt dersom krava vert brotne. Husk at dersom ansvarleg søkar ikkje er den same som ansvarleg eigar, skal dette oppgjevast under punkt 7. Eventuelle merknader.

### **2. Søknaden gjeld**

Her skal du gi opp om søknaden gjeld eit nytt utslepp eller ein vesentleg auke av utslepp. Med vesentleg auke meiner ein til dømes installering av vassklosett, dusj, bad eller våtrom, at fleire bustader vert koplå til anlegget etc. Det er opp til kommunen å avgjere kva som er vesentleg auke i

Gnr. \_\_\_\_, bnr. \_\_\_\_ i Eid kommune

det einskilde tilfelle. Vidare må du gi opp om søknaden gjeld heilårsbustad, fritidsbustad og/eller annan bygning, samt tal bygningar i dei ulike kategoriane. Dersom vassklosett skal installerast må dette oppgjevast her. Utsleppets forventa storleik skal oppgjevast i tal personekvivalentar (pe). Pe er eit mål på mengde organisk materiale i avløpsvatnet. Ein kan finne pe på fleire måtar, men som hovudregel seier vi:

- Utslepp frå hus og hytter med innlagt vatn og vassklosett: 1 person bidreg med 1 pe
- Utslepp frå hytter med innlagt vatn, utan klosett: 1 person bidreg med 0,3 pe

Ta kontakt med kommunen dersom du er usikker på korleis du bereknar utsleppets forventa storleik.

Døme 1:

Hus med innlagt vatn og vassklosett, husstand med seks personar:  $1 \text{ pe/person} * 6 \text{ personar} = 6 \text{ pe}$  i avløpsvatnet

Døme 2:

3 hytter med innlagt vatn og vassklosett og 10 sengeplassar i kvar hytte:  $3 * 1 \text{ pe/person} * 10 \text{ sengeplassar} = 30 \text{ pe}$  i avløpsvatnet

Døme 3:

Hytte med innlagt vatn utan vassklosett, 10 sengeplassar:  $0,3 \text{ pe/person} * 10 \text{ personar} = 3 \text{ pe}$  i avløpsvatnet

Det vil variere kor mange personar som opphelder seg på en hytte. Når man skal berekne forventa tal personekvivalentar må man ta utgangspunkt i maksimum tal personar på hytten til same tid. Tall sengeplassar kan være et godt mål på maksimum tal personar/maksimum belastning.

### 3. Eigedom/byggestad

Her skal du gi opp gardsnummer (gnr) og bruksnummer (bnr), og adresse på bygningen eller bygningane som det vert søkt om utslepp frå. Gards - og bruksnummer kan du få ved å vende deg til kommunen sitt servicekontor. Bruk eventuelt eige ark som du legg ved under punkt D, Liste over eigedomar tilknytt avløpsanlegget med gnr., bnr. og adresse. Du må sjekke med kommunen om utføringa av det planlagde avløpsanlegget er i samsvar med kommunens planar etter plan - og bygningslova. Dersom utføringa av avløpsanlegget ikkje er i samsvar med kommunens planar, må du innhente løyve frå kommunen. Husk å gi opp dato for når løyvet blei gjeve. Dersom kommunen ikkje vil gi løyve kan ikkje anlegget byggast/etablerast.

### 4. Utslippsstaden

Her skal du gi opplysningar om utsleppsområdet. Det vil sei om avløpsvatnet går til innsjø, bekk/elv, elvemunning, sjø, stadeigne masser osv. Du skal og gi opp namn på lokaliteten og kartkoordinatar. Kartkoordinatar vil du finne på eit økonomisk kart/plankart i målestokk (1:5000) eller større frå Statens kartverk. Denne typen kart vil du kunne få tak i hos kommunens oppmålingsavdeling (karttenesten / teknisk kontor) eller [www.eid.kommune.no](http://www.eid.kommune.no) og Fylkeskartkontoret. Husk å gi opp kva kartdatum/koordinatsystem du brukar. For eksempel WGS 84.

Avløpsanlegget si plassering og utsleppsstad skal merkast av på kartet. På same kart skal du og merke av eigedomsgrenser og eventuell tilkomst via veg (for slamtømming, vedlikehald etc.). Kartet skal leggast ved søknaden (vedlegg D).

Gjeld søknaden utslepp til vatn, må du gi opp kor mange meter under lågaste vasstand det sleppast ut (utsleppsdjup). Dersom det skal sleppast ut mindre enn 2 meter under lågaste vasstand skal dette gjevast opp grunngjevast under punkt 7. Eventuelle merknadar.

### 5. Reinsegrad

Gnr. \_\_\_\_, bnr. \_\_\_\_ i Eid kommune

Kva reinsekrav som gjeld på den staden du planlegg utsleppet, er avhengig av om utslippsstaden ligg i eit følsamt/normalt eller mindre følsamt område, om det er brukarkonfliktar involvert og om det er fare for overgjødsling.

Det kan vere nyttig å ta kontakt med kommunen eller ein fagkyndig for å få naudsynt informasjon eller rettleiing om kva reinsekrav som gjeld der du planlegg utslepp. Du kan og få ein fagkyndig til å gjere vurderingane for deg.

For å finne ut reinsekrav som gjeld på staden du vil sleppe ut avløpsvatn må du først finne ut om utslippsstaden ligg i:

- **Følsamt/normalt område:** Alle ferskvassførekomstar, d.v.s. der ein ikkje kan etablere utslepp til sjø.
- **Mindre følsamt område:** Utslepp til sjø

**Følsamt/normalt område:** Dersom staden du vil sleppe ut til er klassifisert som følsamt/normalt område, set du kryss i boksen  Reinsegrad jf. § 12-8, følsamt/normalt område. Etter det må du gjere ei vurdering av eventuelle brukarkonfliktar og/eller fare for overgjødsling. Dersom det er brukarinteresser involvert, skal du krysse i boks a) som er det strengaste reinsekravet. Dersom det ikkje er brukarinteresser involvert, men fare for overgjødsling, set du kryss i boks b), kor reinsekravet ikkje er fullt så strengt som for a). Dersom det ikkje er brukarinteresser eller fare for overgjødsling, set du kryss i boks c) (det minst strenge kravet). Gjelder søknaden kun gråvatn (avløpsvatn som ikkje inneheld klosettvatn) som vert slept ut i stadeigne lausmassar eller eigna gråvatnanlegg, skal du krysse av i boksen  Stadeigne lausmassar eller tilsvarande.

**Mindre følsamt område:** Dersom staden du vil sleppe ut til er eit mindre følsamt område, skal du sette kryss i boksen:  Reinsegrad jf. §12-9, mindre følsamt område. Krysse av for om reinsinga tilfredstillar a) 20 % reduksjon av suspendert stoff; eller b) maksimum 180 mg suspendert stoff/liter (årlig middelverdi). Gjeld søknaden gråvatn som skal sleppast ut til mindre følsam sjøvatnresipient, er det ikkje krav til reinsing og du kan krysse i boksen  Ureinsa.

Dersom du søker om unntak frå reinsekrava skal du krysse av i boksen:

Det vert søkt unntak frå §§12-8 til 12-9. Husk at grunngjeving/spesifisering for ynskje om unntak frå reinsekrav må leggest ved søknaden (vedlegg 6B).

#### Vert brukarinteresser råka?

Du må gjere ei vurdering av brukarinteresser som kan/vil bli råka av utsleppet (til dømes drikkevatn, bading, fiske, turløyper, næringsverksemd etc) og utsleppstadens plassering i høve til desse brukarinteressene. Vurderinga skal leggest ved søknaden (punkt 6 vedlegg F). Dersom du er i tvil, kan det vere nyttig å kontakte ein fagkyndig som kan gjere ei nøytral vurdering. (Skjema for brukarinteresser kan ein finne på [www.avlop.no](http://www.avlop.no))

#### Er det fare for overgjødsling?

Kontakt kommunen for å få informasjon om det er fare for overgjødsling i det området du ønskjer å sleppe ut avløpsvatn.

Under punktet "Type reinseanlegg" skal du gi opp kva slag reinseanlegg du ynskjer å installere.

#### Dokumentasjon av reinseanlegg for ferdigproduserte minireinseanlegg

Dersom du skal installere eit ferdigprodusert minireinseanlegg, må dette vere testa i samsvar til NSEN12566-3. Sjekk at anlegget har CE - merke (NS-EN 12566-3) og produktet skal ha aktuelt sertifikat frå SINTEF. Sjekk at reinsegraden til minireinseanlegg tilfredstiller reinsekravet for ditt utslepp (du har angitt reinsekrav under punkt 5. Reinsegrad). Dokumentasjon av reinsegrad for minireinseanlegg må minst innehalde følgjande opplysningar:

- Namn på firma/institusjon som har utført testen
- Dato for testrapport
- Oppnådd reduksjon ved testing i hht. NS-EN 12566:
- Organisk stoff KOF (% reduksjon)
- Suspendert stoff SS (% reduksjon)
- Totalfosfor tor - P (% reduksjon)



Gnr. \_\_\_\_, bnr. \_\_\_\_ i Eid kommune

- Slamproduksjon (m<sup>3</sup>/år)
- Temperatur under testforhold (C)

#### Dokumentasjon av reinsegrad for andre reinseløysningar

Dokumentasjon av reinsegrad for andre reinseløysningar enn minireinseanlegg må innehalde ei skildring av anlegget som syner at anlegget er dimensjonert og utforma slik at det stettar reinsekravet. Nærare rettleiing om kva vedlegget skal innehalde er skildra på nettstaden [www.avlop.no](http://www.avlop.no). Anlegget sin dimensjonerte storleik skal oppgjevast i tal personekvivalentar (pe). Dette vil du kunne finne til dømes i anleggsleverandørens dokumentasjon. Vurdering av kor stort anlegg du skal velje bør gjerast med eit perspektiv på 10 år. Dimensjoneringa kan ikkje vere mindre enn utsleppets venta storleik som du har gjeve opp under pkt. 4., og bør uansett ikkje vere dimensjonert for mindre enn 5 pe.

## 6. Vedlegg til søknaden

Søknaden regnast ikkje som fullstendig før alle nødvendige vedlegg ligg ved. Manglar det vedlegg vil søknaden ikkje kunne bli handsama. Under finner du en liste over nødvendige vedlegg med forklaring.

### A. Navn på nøytra fagkyndig (person/firma) som har hjulpt til med val av reinsem metode og/eller dokumentasjon av reinsegrad

- Her skal du gi opp kven (nøytral fagkyndig person/firma/leverandør) som har hjulpt deg med utforming, dimensjonering og installasjon av reinseanlegg og dokumentasjon av reinsegrad. Vær merksam på at dokumentasjon av anlegget sin reinsegrad skal være utført av nøytral fagkyndig. Du har ikkje høve til å dokumentere reinsegrad sjølv. Hugs at dokumentasjon av reinsegrad skal leggest ved søknaden (vedlegg C)

### B. Grunngeving for ynskje om unntak frå §§ 12-8 til 12-9 eller relevant dokumentasjon

- Dersom du søker om unntak frå reinsekrav skal dette grunnjevast særskilt. Vær merksam på at dersom det vert søkt om unntak frå krav, gjeld ikkje kommunens sakshandsamingsfrist på seks veker.

### C. Dokumentasjon av reinsegrad jf. § 12-10 og skildring av anlegg

- Sjå punkt 5. reinsegrad.

### D. Plassering av avløpsanlegg, utsleppsstad, eigedomsgrenser og tilkomst via veg (for slamtømming, vedlikehald osv) på kart i målestokk 1:2000 eller større

- Sjå pkt 4. Utsleppsstad

### E. Liste over eigedomar tilknytt avløpsanlegget med gnr., bnr. og adresse

- Dersom du skal knytte deg til eit eksisterande reinseanlegg, må du legge ved en liste over kva bygningar som alt er tilknytt anlegget. Gnr. og bnr for disse bygningane får du ved vende deg til kommunen. Dersom det ikkje er fleire bygningar knytt til anlegget skal du sette kryss i boksen  ikkje relevant.

### F. Oversikt over interesser som blir råka (drikkevassforsyning, rekreasjon, næringsverksemd etc). Skildring av tiltak for å motverke interessekonfliktar og tiltak for å ivareta helse og miljø.

- Brukarinteressar knytt til utsleppsstaden vil ha stor betydning for plassering og utforming av reinseanlegg eller utslippspunkt. Vedlegget skal innehalde en vurdering av interesser som kan/vil bli råka av utsleppet (for eksempel drikkevatt, bading, fiske, turløyper etc.) og utsleppsstadets plassering i forhold til brukarinteresser. Sjå punkt 5.

### G. Oversikt over kven som er varsla om planlagt utslepp (naboar, kommunelege og andre særskild råka)

- Du må lage ei liste over kven som har blitt varsla om det planlagde utsleppet, og du må legge ved kvittering på at varsel er sendt dei respektive (til døme kvittering på rekommandert sending eller underskrift).

Gnr. \_\_\_\_, bnr. \_\_\_\_ i Eid kommune

#### H. Eventuelle mottatte klager/protester

- Dersom du har mottatte klager/protester skal disse leggest ved søknaden. Dersom du ikkje har mottatt klager/protester kryssar du av i boksen  ikkje relevant.

### 7. Eventuelle merknader (ikkje obligatorisk)

Her kan du skrive eventuelle merknader du meiner er nyttig informasjon for kommunen når søknaden skal handsamast.

### 8. Underskrift og erklæring

Merk at det er ansvarlig eigar som skal underteikne søknaden. Ansvarlig eigar innestår for at det er gjeve riktige og fullstendige opplysningar og at eigar plikter seg til å følgje de gjevne føresegner og krav, herunder føresegner som gjelder drift og vedlikehald.